

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - Q80	15/1034

Saknr	Utval	Type	Dato
032/2016	Formannskapet	PS	16.03.2016

Trafikksikringsiltak - forlenging av fortau sør for Sandnes skule

Vedlegg:

Journalposttittel
C100

Dato
09.03.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd krone 75.000,- til trafikksikringstiltak sør for Sandnes skule. Midlane vert å ta frå fond.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta

Tilskotsordninga til mindre fysiske trafikksikringstiltak i Hordaland fylkeskommune vart etablert i 2014. I 2016 var det sett av 2,03 mill kr til denne tilskotsordninga. Ordninga kan finansiere tiltak med ein totalkostnad opp til 250.000 kr, og vidare kan fylkeskommunen finansiere inntil 70 pst av tiltaket, medan det vert kravd ein eigenandel på 30 pst frå kommunane. Innan fristen 1. januar 2016 var det komme inn 41 søknader til fylkeskommunen fordelt på 18 kommunar. Masfjorden kommune fekk i møte i Fylkestrafikksikringsutvalet den 17. februar 2016 tildelt maksimumtilskot på krone 175.000,- til forlenging av fortau sør for Sandnes skule. I søknaden vår vart det vist at kommunen ville stilla med eigenfinansiering på krone 75.000,-. Det vert lagt ved teikning som viser omsøkt trafikksikringstiltak.

Teikningen viser eit fortau på ca 140 meter, men den delen som ligg ved skulen skulle ikkje vore med i denne skildringa. Det betyr at lengda på fortauet langs fylkesvegen inkludert fartshump er om lag 90 meter, definert frå kryss sidevegen som går ned sør for skulen til parkeringsplassen på sørsida av elva.

I tildelingsbrev frå Hordaland fylkeskommune dagsett 22.02.2016 står det mellom anna følgjande tilskotskrav:

?????Tilskotsmottakar er ansvarleg for overskridingar på tiltaket utover kostnadsoverslaget i inngått avtale. Ved eventuell kostnadsreduksjon vert tilskotet 70 pst av dei reelle kostnadene.

?????Dersom ikkje tiltaket vert ferdigstilt, må kommunen senda melding om ferdigstillingsdato (maksimalt til påfølgjande år).

Plikt til tilskotsmottakar om å underrette fylkeskommunen dersom nokre av føresetnadene for gjennomføring (teknisk/fagleg, økonomisk eller framdriftsmessig) ikkje let seg gjennomføre etter føresetnadane.

Krav til rapportering. Dokumentasjon av tiltaket og prosjektrekneskap.

Statens Vegvesen sende over framlegg til byggjeplan den 08.03.2016 med både C-teikning og utførande skildring av tiltaket m.v.. Det vart samstundes gjort kjend at dei ikkje vil ta ansvaret for prosjektet sjølv.

Vurdering

Forutsetningen for denne tilskotsordninga er å få sett i gang trafikksikringstiltak som kan gjennomførast effektiv og raskt, og til ein låg kostnad. Masfjorden kommune hadde nær dialog med Statens Vegvesen om denne søknaden, og ønsket til kommunen var at dette kunne gjennomførast i samband med det vegarbeidet som alt er starta opp i regi av Statens Vegvesen.

I ettertid har det vist seg at kommunen sjølv må stå som prosjektgjennomfører, og difor ta ansvaret både i høve økonomi og anna ansvar relatert til prosjektet. Endeleg kostnad veit enn ikkje før ein har gått gjennom konkurransegrunnlaget og fått på plass kontrakt med ein utførande entreprenør. Kvaliteten på arbeidet må følgja standarden til Statens Vegvesen. Sidan ein ikkje er kjent med endeleg kostnadsbilete ber ein formannskapet i denne omgang løyve krone 75.000,- . Ein legg då til grunn at saka må handsamast på nytt i formannskapet om kostnadane viser seg å verta høgare enn totalramma på krone 250.000,-.

Konklusjon

Saka vert lagt fram til formannskapet for drøfting.

Formannskapet - 032/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Det vert løyvd krone 75.000,- til trafikksikringstiltak sør for Sandnes skule. Midlane vert å ta frå fond.